

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSAVGJERD

2019/EØS/27/01

av 4. februar 2013

om endring av vedtak 2009/719/EF om løyve til at visse medlemsstatar reviderer dei årlege programma sine for overvaking av BSE

[meld under nummeret K(2013) 435]

(2013/76/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 999/2001 av 22. mai 2001 om fastsettelse av regler for å forebygge, bekjempe og utrydde visse typer overførbare spongiform encefalopati⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 1b, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I artikkel 6 nr. 1b i forordning (EF) nr. 999/2001 er det fastsett at medlemsstatar som kan dokumentere ei betring i den epidemiologiske situasjonen på territoriet sitt, i samsvar med visse kriterium kan be om at dei årlege overvåkingsprogramma vert reviderte.
- 2) I vedlegget til kommisjonsvedtak 2009/719/EF av 28. september 2009 om løyve til at visse medlemsstatar reviderer dei årlege programma sine for overvaking av BSE⁽²⁾, endra ved gjennomføringsavgjerd 2011/358/EU⁽³⁾, er det oppført 25 medlemsstatar som har løyve til å revidere dei årlege overvåkingsprogramma sine i samsvar med artikkel 6 nr. 1b i forordning (EF) nr. 999/2001 (heretter kalla «dei 25 medlemsstatane»).
- 3) Når det gjeld overvaking av storfe som er slakta på vanleg måte for konsum, er det fastsett i artikkel 2 nr. 1 bokstav a) i vedtak 2009/719/EF at dei 25 medlemsstatane skal gjennomføre BSE-prøvetaking av alt storfe som er eldre enn 72 månader, medan det i artikkel 2 nr. 3 er fastsett at dei 25 medlemsstatane frå 1. januar 2013 kan avgjere om dei vil ta årlege stikkprøver berre av eit minstetal av friske, slakta storfe som er eldre enn 72 månader.
- 4) Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (EFSA) godkjende 8. oktober 2012 ein

rapport om vitskapleg og teknisk støtte når det gjeld minstetalet av stikkprøver som bør undersøkjast dersom ei årleg ordning for statistikk over BSE-prøvetaking av friske, slakta storfe, vert godkjend⁽⁴⁾.

- 5) I rapporten sin konkluderte EFSA med at det, i samsvar med utrekningar frå ein modell som vart utarbeidd som svar på mandatet til Kommisjonen (C-TSEMM-modellen), ikkje er naudsynt å ta prøver av friske slaktedyr for at den noverande ordninga for overvaking av delpopulasjonar som høyrer til risikograppa (sjølvdaude dyr, naudslakta dyr og kliniske tilfelle under mistanke), i dei 25 medlemsstatane samla sett skal kunne påvise ein hypotetisk prevalens på eitt tilfelle per 100 000 vaksne storfe med eit konfidensnivå på 95 %, som er den internasjonale standarden som Verdsdyrehelseorganisasjonen (OIE) har innført når det gjeld pålitsgraden til ordningar for overvaking av BSE. Sjølv om det ikkje hadde vore teke prøver av friske, slakta dyr i 2011, ville overvåkingsordninga likevel ha sikra påvising av ein hypotetisk prevalens på eitt tilfelle per 5 355 627 vaksne dyr i dei 25 medlemsstatane, med eit konfidensnivå på 95 %.
- 6) Ettersom talet på BSE-tilfelle i Den europeiske unionen viser ein fallande tendens, har EFSA vurdert at overvåkingsordninga, som bygger på prøvetaking berre av delpopulasjonar i risikograppa i dei 25 medlemsstatane, godt ville kunne oppfylle krava i den internasjonale standarden for pålitsgraden til ordningar for overvaking av BSE, og ettersom det ikkje krevst prøvetaking av friske, slakta dyr for å oppfylle krava i den internasjonale standarden som OIE har innført for overvaking av BSE på det vilkåret at det vert teke prøver av dyr frå tre delpopulasjonar i risikograppa, kan prøvetakinga av friske, slakta storfe avsluttast i dei 25 medlemsstatane. Føresegnene om ordninga for overvaking av friske, slakta storfe i dei 25 medlemsstatane bør difor endrast.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 35 av 6.2.2013, s. 6, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 33/2014 av 8. april 2014 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 49 av 28.8.2014, s. 1.

⁽¹⁾ TEF L 147 av 31.5.2001, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 256 av 29.9.2009, s. 35.

⁽³⁾ TEU L 161 av 21.6.2011, s. 29.

⁽⁴⁾ *EFSA Journal* 2012, 10(10):2913.

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Artikkel 1

I vedtak 2009/719/EF skal artikkel 2 nr. 3 lyde:

Utferda i Brussel, 4. februar 2013.

«3. Som unntak frå nr. 1 bokstav a) kan medlemsstatar som er førte opp i vedlegget, frå 1. januar 2013 avgjere at dei ikkje ønskjer å ta prøver av dyr i den delpopulasjonen som er nemnd i bokstav a).»

For Kommisjonen

Tonio BORG

Medlem av Kommisjonen
